

# “Vet du ka som er en kombinasjon?” Dei tidlege språkvala til tre barn i fleirdialektale miljø

Anette Briksdal  
*Universitetet i Oslo*

## *Samandrag*

Forskingsspørsmålet denne artikkelen tek opp, er korleis morsdialekta, dialektene i familien og i nærområdet og ei oppfatning av standardtalemål kan påverke barn sine tidlege språkval. Artikkelen utforskar talemåla til tre barn over tid og diskuterer årsakene til språkvala dei gjer. I tillegg blir dei prosodiske draga og utviklinga av desse i talemåla til barna undersøkte. Dei to første informantane er jentene Sol og Snø, som det har blitt tatt opptak av i kvardagslege situasjonar då dei var 2;2–4;6 år. Den tredje informanten er Måne, veslebroren til Sol, som det har blitt tatt opptak av då han var 1;9–2;9 år. I tillegg har mødrene til barna bidratt med observasjonsdata. Som mor til Sol og Måne har eg hatt moglegheita til å samle inn data kontinuerleg, medan datamaterialet av Snø har blitt innhenta på tre tidspunkt med om lag eit års mellomrom. Ein kan høyre at alle tre barna har trekk frå morsdialekta, men det varierer i kor stor grad og kor lenge trekka blir bevarte. Faktorar som innputt frå besteforeldre og eldre sysken og periodar med fråvær frå barnehage, verkar å gje utslag på barna sine talemål. I tillegg er flytting til fars heimstad avgjerande for språkutviklinga til Snø. Vi kan også sjå at alle tre informantane, uavhengig av dialektene dei høyrer rundt seg, på ulike tidspunkt orienterer seg mot ei form for standardtalemål, kanskje formidla gjennom leik og lesing. Denne artikkelen kartlegg altså språkvala til desse barna og diskuterer korleis dei kan vere eit uttrykk for styrkeforholda mellom dei ulike agentane for språksosialisering.

*Nøkkelord:* språksosialisering, barnespråk, språkval, prosodi, fleirdialektale barn, leseuttale, standardtalemål

## **1 Innleiing**

Denne artikkelen<sup>1</sup> undersøker kva faktorar som speler inn på språkvala til barn i den heilt tidlege språksosialiseringa når dei veks opp i fleirdialektale miljø. Deltakarane i prosjektet er jentene Sol og Snø, som eg har fulgt i alderen 2;2–4;6, og Måne som var med då han var 1;9–2;9. Måne er veslebroren til Sol, som bae

---

<sup>1</sup> Artikkelen bygger på masteroppgåva *Fleirdialektale born si språkinnlæring: Ein empirisk studie av dialektutviklinga til tre born* (Briksdal, 2022).

er barna mine. Datamaterialet av dei to er difor rikare og meir kontinuerleg, sidan eg enkelt har hatt moglegheit til å ta opptak i kvardagen, medan datamaterialet av Snø er samla inn på tre punkt, med om lag eit års mellomrom. Opptaka av Snø er av same karakter som dei to andre då mor hennar sjølv har gjort opptaka i kvardagslege situasjonar som leik, måltid og leggetid. I tillegg til opptaka ligg også observasjonar gjort av oss mødrene til grunn.

Informantane Sol og Måne veks opp i Oslo med ei mor frå Sunnmøre, medan Snø veks opp på Sunnmøre med ei nordnorsk mor og ein far frå Romsdalen, dit dei også flyttar mot slutten av prosjektet. Datainnsamlingsperioden varte frå hausten 2019 og fram til starten på 2022.

Ut ifrå datamaterialet, kan ein høyre at alle tre barna har trekk frå morsdialekta, men i varierende grad. Alle tre orienterer seg også etter kvart mot ei form for standardnært austnorsk, også Snø som ikkje har språklege fellesskap rundt seg der austnorsk blir snakka. Andre faktorar som kan sjå ut til å spele inn på språkvala til barna, er samvær med besteforeldre og fråvær av barnehage. For Måne verkar også innputt frå eldre sysken å spele inn, og for Snø er flytting til fars heimstad ei utløysande årsak til nye språkval. I denne artikkelen kartlegg eg språkvala som barna gjer, og utviklinga av dei over tid. I lys av dette vert styrkeforholdet mellom påverknadsfaktorar som morsdialekta, dialektene i familien og i nærområdet og eit oppfatta standardtalemål diskutert. I studien vektlegg eg også prosodiske trekk som setningsintonasjon, trykk og lengd fordi dette er ein sentral og naturleg del av talemålsutvikling.

Etter ein gjennomgang av relevant teori og metode, blir utvalde variablar hos Sol, Måne og Snø presentert. Variablane er *kv-ord*, *pronomen*, uttale av *presensforma av "vere"*, *endingsmorfem i substantiv og verb* og *prosodi*. Desse er utvalt fordi dei er saliente trekk for alle dialektene, og fordi dei er godt belagt i datamaterialet. Til sist blir trekk som ikkje er felles for alle barna, men relevante for dei enkelte sine språkval, presentert. I siste del blir funna drøfta opp mot forskingsspørsmålet: Korleis kan morsdialekta, dialektene i familien og i nærområdet og ei oppfatning av standardtalemål påverke barn sine tidlege språkval?

## 2 Teoretisk bakgrunn

### 2.1 Sosiolingvistisk utvikling

I den aller første språksosialiseringa er mor sentral. Foulkes et al. (2001, s. 77) beskriv korleis det er ein nær samheng mellom formene brukt av mødrer og formene som barna først tileignar seg, og Smith og Durham (2019, s. 85) forklarar korleis desse formene ber ein skjult prestisje fordi det er det språket barnet forbind med nærleik og humor. Etter kvart blir barna medlemmer av fleire språklege praksisfellesskap. Frå toårsalderen lærer dei å tilpasse språket etter person og kontekst og går gjennom ein talespråkleg reorganiseringsprosess i retning dei jamaldra, noko som kan forklarast med at det er høgare sosial risiko knytt til desse språksosialiseringagentane (Bugge, 2016). I heimen er det gjerne låg risiko og

barnet blir elska og akseptert uansett korleis hen snakkar. I barnehagen må barnet jobbe meir for å få innpass, og risikoen for å hamne utanfor er større om du ikkje snakkar eit språk som er sett på som rett, godt og anstendig (Bugge, 2016, s. 66).

Denne studien undersøker blant anna om prosodiske trekk er noko av det som heng ved lengst frå heimespråket. Bugge (2016, s. 76) skriv også at komplekse fonologiske kategoriar som tonalitet kan samsvare med foreldre sine talemål, men ikkje naudsynleg. Samtidig peiker ei rekke studiar i retning av at barn tidleg har prosodisk medvit, kanskje allereie i fosterlivet (sjå Bäckeper & Liljebäck, 2014, s. 31; Astruc et al., 2012 s. 318; Mampe et al., 2009), noko som kanskje også betyr at dei raskt kan orientere seg i og tileigne seg nye prosodiske trekk.

Bugge (2016) beskriv korleis den første fasen av sosiolingvistisk utvikling strekk seg frå 0 til 12 md., medan den andre fasen er frå barnet er 1 til 5 år, og dette er perioden der den talespråklege reorganiseringa frå heimespråket mot jamalderspråket gjer seg gjeldande). I Kerswill og Williams (2000, s. 97) sin studie frå Milton Keynes i England kan ein sjå at mor sitt talemål framleis kan stå sterkt så seint som i fireårsalderen, der den eine informanten snakkar skotsk slik som mor si, som er frå Perth i Skottland. Ved neste opptak er informanten seks år og har endra talemålet sitt heilt til det sør-engelske talemålet som blir snakka der han bur. Kerswill og Williams (2000, s. 97) beskriv korleis informanten er i Perth kvar ferie, og at mormora hans ofte er på besøk. Her er det altså ikkje berre mor som har påverknad, men truleg også mormor. Bugge (2016) beskriv også at far ofte er viktig for barn si språksosialisering, mens De la Piedra og Romo (2003) ser på effekten eldre sysken kan ha på språkinnlæringa til yngre sysken, der dei nyttar omgrepet “sibling mediators”. Dette er at eldre sysken opptrer som meklarar, og presenterer informasjon på ein ny måte som yngre sysken utan same kunnskap lettare forstår.

## *2.2 Standardnært talemål sin innverknad på barn sine talemål*

Mæhlum (2009, s. 9) meiner at vi i Noreg har eit talemål som fungerer som ein standard, som har oppnådd ein bestemt posisjon i folk sitt medvit og i operativ norm. Ho viser også i sitt arbeid på Svalbard, at ein av strategiane barna utan tydeleg dialektal identitet nyttar for å signalisere nøytralitet, er eit normalisert, austnorsk talemål. Den andre er kodeblanding, som mellom anna resulterer i at barna ofte følgjer sine eigne, heilt individuelle intonasjonsmønster (Mæhlum, 1996, s. 256–258).

Røyneland (2010, s. 268) beskriv korleis vi truleg kan operere med to ulike standardar med utgangspunkt i austnorsk. Den eine er den moderne, som er ekspansiv og gjerne blir knytt til nøytralitet (sjå òg Stjernholm, 2013). Eit alternativ er å sjå på dette som ein “fellesaustlandsk” varietet og som ein mellomveg mellom dei tradisjonelle austlandske dialektene, slik Heide (2020) gjer. Den andre er den konservative som ligg tett opp mot det tradisjonelle

vestkantmålet i Oslo. Sandøy (2009) beskriv sistnemnte som “frognerdialekta” og meiner at den mistar prestisje, og difor også standardfunksjonen.

I tillegg til heimespråket og jamalderspråket, kan ei form for moderne standardnært talemål truleg også verke inn på norske barn sine språkval. Strand (2020) har forska på korleis nordnorske barn nyttar austnorske variantar for å skilje mellom seg sjølv og rolla si i rolleleik, og han meiner at dei fleste norske barn har ein kompetanse i standardnært austnorsk og til ein viss grad kan kallast bidialektale. Ein kan argumentere for at dette er ein type “TV-språk” som dei har fått gjennom seriar og film, men Strand (2020) beskriv også at dette fenomenet har blitt vidareført på same måte som rim og regler og er ein del av ein etablert barnekultur. Vangsnes (2013, s. 41) forklarar at leik på bokmål truleg kan sporast tilbake til 1930-åra, altså lenge før TV-en kom i hus. Ein kan altså ikkje forklare fenomenet utelukkande gjennom TV-språk, men truleg også gjennom å vere eit lesespråk. Brøseth et al. (2019) beskriv at mange har ein leseuttale, og at forholdet mellom skrift og tale også kan bli sett på som språkkontakt.

I presentasjonen av datamaterialet lengre ned vil eg nytte “austnorsk” for både oslomål og meir standardnært talemål fordi ein i veldig få høve kan seie konkret kva for eit austnorsk talemål dei ulike variablane høyrer til. Det er likevel sånn at det hos Sol og Måne handlar om oslomål, kanskje med innverknad frå ein moderne standard, medan Snø sitt talemål truleg er påverka av ein meir konservativ standard formidla gjennom media og rolleleik. I diskusjonsdelen vil eg nytte dei to standarddefinisjonane for å beskrive språkvala til informantane fordi dei har ulik innputt av standardnære talemål, og av den grunn kanskje også har ulike umedvetne oppfatningar om kva av dei som er mest prestisjefylt.

### **3 Metode og metodediskusjon**

Datamaterialet som ligg til grunn for denne studien, er transkriberte opptak av kvardagslege situasjonar, der dei ulike variablane har blitt tald opp og systematisert. Då eg begynte dette arbeidet, valde eg å transkribere materialet på bokmål<sup>2</sup>, med unntak av dialektorda som blei transkribert lydner med normal-ortografi. Dette gjeld hovudsakeleg sunnmørske og nordnorske ord, men i nokre høve også ord som høyrer til dialektene i Romsdalen og Nordfjord. Sidan målet var å skilje mellom austnorsk og dei andre talemåla, vurderte eg dette som tilstrekkeleg. I seinare tid innsåg eg at å skrive alt lydner kunne ha bidratt til å fremje eit mindre normativt syn på språk (Hagemann & Søfteland, 2023, s. 15), men for å ha kontinuitet i datamaterialet valde eg å halde fram med same metode for transkripsjon. Dette speglar seg igjen i artikkelen, der barna sine austnorske ytringar er skriven på bokmål, medan ytringane på dei andre dialektene er skriven med lydner skrift. I arbeidet med å sortere ut dei ulike dialektorda har eg tald med

---

<sup>2</sup> Her har eg freista å nytte eit umarkert skriftspråk utan former særskilt assosiert med radikalt eller konservativt bokmål.

dei variantane som det er godt belegg for å plassere i dei respektive dialektene (sjå t.d. Sjøkkeland, 2005), medan variantar som kan samanfalle for dei ulike dialektene, ikkje er inkludert. Eg har i tillegg til å støtte meg på faglitteratur om dialektdrag, nytta eiga språkkjensle når eg har sortert ut spesielt dei sunnmørske og austnorske variablane. I arbeidet med datamaterialet av Snø, har eg også vore jamleg i dialog med mora hennar, der ho har delt observasjonar av dottera og oppfatning av eigen nordnorske dialekt. Eit problem med å nytte eiga og andre si språkkjensle, er sjølvklart at ein kan ta feil (Johannesen, 2003).<sup>3</sup>

Det finst nok ikkje eit fasitsvar på korleis intonasjonen i norsk vil oppføre seg i dei ulike dialektene sidan intonasjon til dømes vil variere etter kva for ei aksentfrase (AP) som er fokal, og vi i dei forskjellige dialektene har ulikt intonasjonsmønster i aksentfrasene (Kristoffersen, 2003, s. 173). Ei aksentfrase er avgrensa frå der primærtrykket startar, til like før det neste startar. I Måne si ytring “og hekse tok meg og kasta meg i et bur med hulken”, vil eg til dømes dele aksentfrasene inn sånn: og (hekse<sub>ap</sub>) (tok meg og<sub>ap</sub>) (KASTa meg i et bur med hul-<sub>ap</sub>)(ken<sub>ap</sub>) fordi den første stavinga i kvar av desse aksentfrasene har primærtrykk. Fokale aksentfraser handlar om fonetikken, men også om innhaldssida av språket, altså pragmatikken (Kristoffersen, 2003, s. 178), der stavinga med hovudtrykk som blir opplevd som mest sentral, også får høgare tone. Om vi til dømes ser på Måne si ytring over, er “kasta” fokal, og hovudtrykket er difor markert med store bokstavar. Måne framhevar denne delen av ytringa med meir trykk, intensitet og endring i tonehøgda, for å vise at dette er det viktigaste og kanskje mest spennande eller overraskande av det han fortel. Hadde til dømes “hekse” eller “bur” vore fokal, ville dette truleg ha endra tonegangen i intonasjonsytringa.

Fordi eg hadde eit stort datamateriale prega av barnespråk med ufullstendige setningar, bestemte eg meg for å gjere eit utval av ytringar som var lange nok til at det gjekk an å høyre tonal variasjon som kunne identifiserast med eller likne prosodien til dei representerte dialektene. I praksis betyr dette at ein del eitt- og toordsytringar er valde bort, og at særskilt kjensleprega ytringar og også gjentakande ytringar er utelatne. Eg har også valt å ikkje rekne med spørjeytringar i oppteljinga, men heller omtale dei for seg fordi desse typisk har eit annleis intonasjonsmønster enn forteljande ytringar (Sjøkkeland, 2005, s. 36).

Spesielt i den prosodiske analysen av ytringar frå Sol og Måne, der datamaterialet er stort, er ytringsutvalet døme på generelle tendensar (og unntak frå desse), og representerer dei prosodiske mønstra som er typisk for informantane, heller enn funn gjort på bakgrunn av heile datamaterialet. Empirien frå Snø er derimot mindre omfangsrik, og store delar av ytringane hennar er også analysert prosodisk.

Ytringane er gjennomgått manuelt der stavingane er typografisk heva og senka alt etter om dei går opp eller ned i toneleie. Slik har ein tre nivå for å vise intonasjonsmønsteret. I tillegg er stavingar med sterkt trykk markert med feit

---

<sup>3</sup> Sjå for øvrig utfyllande opplysningar i transkripsjonar og tabellar i Briksdal (2022).

skrift, og lange vokalar er markert med kolon. Denne forenkla framstillinga gjer at dei glidande overgangane i intonasjonen mellom stavingane ikkje kjem til syne, men eg har framleis valt ho i eit forsøk på å framstille intonasjon på ein måte som er lett tilgjengeleg for lesaren.

Ei svakheit med metoden for å analysere prosodi, er at eg også her har nytta eiga språkkjensle.<sup>4</sup> For å vege opp for dette har ein tidlegare medstudent med sunnmørsdialekt høyrd gjennom delar av Sol sitt datamateriale, og heile materialet av Måne, der vi var samde i alle høva. Prosoditranskripsjonen er også tilgjengeleg i sin heilskap i Briksdal (2022), der ein kan sjå utvalet av ytringar og analysen av desse.

## 4 Presentasjon av datamaterialet

I denne delen presenterer eg først data frå informantane etter tur, der dei ulike arenaene for språksosialisering, altså praksisfellesskapa (Bugge, 2016), og dei sentrale variablane i deira talemål blir lagt fram. Hos alle tre blir *kv-ord*, *pronomen*, *presens av "vere"*, *endingsmorfem i substantiv og verb*, i tillegg til *prosodi* diskutert. Desse variablane er valt ut fordi dei er saliente drag i alle dialektene, og fordi dei er godt belagt hos alle ungane. Til sist har eg lagt til avsnittet *andre variablar* for kvar informant, der relevante variablar som ikkje er felles for alle tre informantane, blir presentert.

### 4.1 Sol

Storesyster Sol har ei mor frå Ålesund og ein far frå Oslo. Besteforeldre på morsida har vakse opp i Nordfjord, men bur på Sunnmøre. Sol bur i Oslo under heile opptaksperioden og begynte i barnehagen då ho var 1;10. Ho har ingen eldre sysken.

I starten av prosjektet hadde Sol hyppige innslag av mor si sunnmørsdialekt (SM), medan prosodien hovudsakleg var austnorsk (AN). Frå 2;7 begynner talemålet å reorganisere seg mot jamalderspråket (AN), men ein kan sjå oppsving av SM-variantar til dømes ved 2;6–2;7, som er månadar med koronastengd barnehage, og 2;11 då ho var på sommarferie på Sunnmøre.

#### 4.1.1 Kv-ord

[k] i framlyd i kv-ord<sup>5</sup> har vore eit sentralt SM-trekk i Sol sitt talemål. I opptaka frå ho var 2;2 har ho 10 registrerte høve med [k] i framlyd, mot ein AN-variant med [v] i framlyd. Når ho er 2;11, kan vi sjå at variantane med [v] i framlyd er i

---

<sup>4</sup> Eg valde å ikkje nytte analyseverktøy som Praat, mellom anna fordi eg vurderte at det ikkje ville vore hensiktsmessig på denne typen materiale, som har ein del ikkje-språklege lydar og bakgrunnsstøy.

<sup>5</sup> [k] i framlyd er eit salient trekk hos informantane, i likskap med hos Neteland et al. (2022) sine bergenske informantar i same aldersgruppe.

overtal, der ho har 18 registrerte høve av AN-varianten, mot 4 av SM-varianten. SM-variantane blir altså gradvis bytta ut med AN-variantar. Utviklinga er likevel ikkje lineær, og ein kan sjå eit oppsving av SM-variantar mellom anna når ho er 2;6, 2;7 og ved 2;11 når ho seier “vet du ka som er en kombinasjon?”

#### 4.1.2 Pronomen

AN-variantane av personleg pronomen som *jeg*, *meg* og *deg*, har heile vegen vore i sterkt overtal hos Sol, med 111 førekomstar av AN-variantar som *jeg* når ho er 2;2, mot 6 førekomstar av SM-varianten /e:/. Den same SM-varianten dukkar også opp unntaksvis i dei seinare opptaka, men hovudsakleg er det AN-variantane ho nyttar. I alderen 2;4–2;6 er det også registrert eit par høve av SM-variantar av determinativ og pronomen. *Dinna*, *ditta* og *dei* er til saman registrert 8 gongar i tidsrommet, medan AN-variantane av desse orda (*denne*, *dette* og *de*) er registrert 22 gongar. Etter 2;6 forsvinn SM-variantane medan det er høg førekomst av AN-variantane i opptaka.

#### 4.1.3 Presens av verbet “vere”

SM-varianten /e:/ er eit av trekk som Sol har hatt høg førekomst av i data-materialet. Ved 2;2 var han i overtal med 16 førekomstar, medan AN-varianten *er* hadde 13. Ved 2;5 begynner AN-varianten å ta over (11 førekomstar mot 2 av SM-varianten). Men SM-varianten er representert så seint som 2;11 med 15 førekomstar mot 37 av AN-varianten.

#### 4.1.4 Endingsmorfem i substantiv og verb

I ålesundsdialekta er bortfall av trykklett -r i substantiv (ubest. fl.) og svake verb i presens utbreidd (Sjekkeland, 2005). Dette er eit trekk Sol hadde i dei første opptaka, men det var i mindretal. I opptaka frå ho var 2;2, hadde ho tydeleg uttalt final -r 25 gongar, i ord som *trøster*, *passer* og *kaster*, medan ho hadde tre bortfall i orda *mangla*, *brikka* og *strekke*. I mars 2020 (2;7) ser vi eit tydeleg oppsving av dette trekket, der ho har 17 høve av bortfall mot 24 høve med uttalt final -r, altså er dei to variantane meir likestilt. Dette følgjer mønsteret med ei auke av SM-variantar i perioden 2;6–2;7. Ein må likevel ta eit atterhald fordi Sol som 4-åring hadde ein periode med fleire a-endingar i grammatiske hankjønnsord, i likskap med andre barn på Austlandet (Lødrup, 2013). Ho sa til dømes *ballonga*, *enhjør-inga* og *basa* for bestemt eintal. Det er difor vanskeleg å slå fast om det er SM-varianten av fleirtal (ubest.) eller AN-varianten av eintal (best.) med dette barnespråkstrekket når ho til dømes seier *slanga* i opptaket frå 2;7. Eg har framleis vurdert dette som ei SM-form fordi ho ikkje hadde begynt å produsere a-endingar i grammatiske hankjønnsord enda, og fordi det ut ifrå konteksten verkar som at ho snakkar om fleire slanger. Ho seier til dømes “slanger lokta med tunga” med

final -r på ordet i same sekvens. Når ho er 2;2, har ho ei sunnmørsk fleirtalsending når ho seier *penslane*, og dette dukkar også opp når ho er 2;6 og seier *blomstrane*.

#### 4.1.5 Prosodi

Både trykkplassering, tonelag på ordnivå og intonasjon på ytringsnivå har hovudsakleg følgt austnorsk mønster hos Sol gjennom heile prosjektet. Ho har som regel avsluttande høgtone, som er karakteristisk for austnorsk (Kristoffersen, 2003, s. 154), og tonelag 1-ord har lågtonemønster slik som ein også kjenner frå austnorske talemål (Sjekkeland, 2005). Også spørsmålsytringane hennar er austnorske ettersom dei har sterkare stigning enn ein gjerne har på Sunnmøre (Sjekkeland, 2005, s. 36). Det finst framleis nokre døme på ytringar som er sunnmørske. Desse ytringane har til felles at dei endar på ein låg tone, og at ord med tonelag 1 har mønsteret HL. Til dømes:

Jeg får ik<sub>ke</sub> til (2;4)  
Det<sub>te</sub> er plas<sub>ter</sub> (2;10)

I ytringane som er kategoriserte som sunnmørske, har andre staving typisk låg tone i ord med to stavingar, og ytringane har deklinasjon mot slutten. Ifølgje Kristoffersen (2003, s. 93) er tonehøgde kopla til andre fonetiske trekk som trykk og lydstyrke (intensitet), og i ytringane som er kategorisert som sunnmørske, er dei trykkberande stavingane meir prominente enn dei typisk ville vore med austnorsk intonasjon. Dette kan henge saman med tonehøgde, men truleg også at stavingane blir uttala med lengre vokal og meir lydstyrke enn til dømes i austnorsk. To døme på dette er når Sol seier:

pan<sub>ne</sub>ka<sub>ke</sub> (2;3)  
enorm slan<sub>ge</sub> (2;6)

Vestnorske tonelag har større variasjon enn austnorske, og dei er også dårlegare utforska (Kristoffersen, 2003, s. 167). Det er difor vanskeleg å finne fagleg støtte i at desse ytringane er akkurat sunnmørske, utover at eg ut frå kjennskap til eiga dialekt oppfattar dei som dette.

#### 4.1.6 Andre variablar

I opptaka frå Sol er 2;2, har ho ein del diftongar i variantar som *heilt*, *aleine* og *leike*. Ho nyttar også den sunnmørske kvantoren *nokke* og har ein førekomst av nektingsadverbialet *ikkje* i same tidsrom (2;2). Ho har ingen førekomst av desse variablane igjen før ho er 2;6 der *ikkje* og *nokke* igjen blir registrert. Sol har også hyppig bruk av SM-varianten *no* som ved 2;2, eit trekk som blir bevart heilt til



2;11, men det er då i mindretal med 2 førekomstar mot 9 førekomstar av AN-varianten *nå*.

## 4.2 Måne

Som veslebror har Måne dei same språklege fellesskapa som Sol. Det er framleis skilnad på innputt mellom dei to fordi Måne sitt andre leveår var prega av pandemi og avgrensa sosial kontakt. Han begynte også i barnehage som 2;2-åring, altså fire månadar seinare enn storesystera.

Måne har hyppige innslag av SM-variantar ved prosjektstart (1;9), men verkar også å raskt reorganisere seg mot austnorsk når han er rundt 2;4, altså noko tidlegare enn systera. Han har på same måte som Sol ofte oppsving av SM-variantar i periodar med meir kontakt med morssida av familien.

### 4.2.1 Kv-ord

I opptaka frå Måne er 1;9, har alle kv-ord [k] i framlyd, og han seier “kor du e?” og “kor stigen e?”. Her kan ein også sjå at han har verbet på tredjeplass. Dette er eit sunnmørsk dialekttrekk, der kv-ord i spørjesetningar kan trigge V3. Ved 2;2 nyttar han SM-varianten *koffor* ein gong, og *ka* to gongar, elles er det 12 andre kv-ord i same opptak, der alle er AN-variantar med [v] i framlyd. Vidare held AN-variantane fram med å vere regelen, men SM-varianten *ka* er nytta unntaksvis så lenge prosjektet held fram (2;9).

### 4.2.2 Pronomen

I likskap med Sol, har Måne i all hovudsak nytta dei austnorske variantane av personleg pronomen. I opptaka frå han var 2;5 nyttar han SM-varianten /e/ to gongar, og han seier også *ho*<sup>6</sup> som 2;2-åring. Sjølv om det ikkje har dukka opp i opptaka, er påpeikande pronomen *dokke* observert jamleg, og protokollført så seint som 2;8.

### 4.2.3 Endingsmorfem i substantiv og verb

Allereie i dei tidlegaste opptaka finn vi fleire eksempel på uttalt final -r i ord som *hopper*, *kjønen* (*køyrer*), *besvimer* og *blomster*, men det finst også eit par døme på bortfall. I ord som *blomster* og *steiner*, nytta han ved 2;0 og 2;2 gjerne AN-varianten i ubest. fl., og SM-varianten ved best. fl., og sa til dømes *steinane* og

---

<sup>6</sup> Denne varianten kan også nyttast i austnorske talemål. Det same gjeld truleg “lauv” og “tjuv” som blir omtalt under “andre variablar”. Men fordi Måne bur i Oslo, har eg vurdert det som at dette ikkje er variantar han har fått innputt frå i den lokale dialekta si, men påverknad frå sunnmørsk talemål og nynorsk skriftspråk (sjå under).

*blomstrane*. Ved 2;4 er *leka* og *skyta* registrert. Disse er tald med som bortfall, trass i at dette ikkje er typisk for ålesundsdialekta då ein heller vil nytte *leike* og *skyte*. Etter kvart blir AN-variantane meir og meir i overtal, og mest tydeleg er dette når han er 2;8 og har 15 høve av uttalt final -r mot eitt bortfall.

#### 4.2.4 Presens av verbet “vere”

I alderen 1;9 verkar Måne å nytte SM-varianten /e/ og AN-varianten /ær/ like mykje. Ein månad seinare nyttar han hyppig mellomvarianten /er/, der realiseringa av vokalen er lik SM-varianten, samstundes som han har uttalt -r på slutten av ordet, slik som ein har i AN-varianten. I alderen 2;4 verkar SM-varianten å ha litt oppsving, noko som kan setjast i samanheng med haustferie i Ålesund. Månaden etter er AN-varianten dominerande med 24 høve mot 4 høve av SM-varianten.

#### 4.2.5 Prosodi

Når Måne er 1;9, har han eit særeigent intonasjonsmønster som liknar ein forenkla versjon av sunnmørsk intonasjonsmønster, der dei aller fleste ytringar begynner høgt og endar i deklinasjon. Han seier til dømes:

Kom pu<sub>sen</sub>.  
På ba<sub>de</sub>  
Le<sub>se</sub> kar<sub>sten</sub> pe<sub>tra</sub>

Ved 2;2 dukkar det opp nokre austnorske intonasjonsmønster i datamaterialet, som typisk endar på høg tone, til dømes:

Vi vil ha på ån<sup>kli</sup>  
Det blir ikkje noen tømmerstokk<sup>er</sup>

Men det er ikkje før Måne er 2;4 at mor legg merke til tydeleg austnorsk intonasjon, når han seier:

det var i barn<sub>e</sub>hag<sup>en</sup>

Dette kan tyde på at det er rundt denne alderen prosodien merkbart endrar seg frå hans særeigne intonasjonsmønster, til eit meir typisk austnorsk intonasjonsmønster. Etter dette går også utviklinga raskt, og ved 2;7 verkar Måne sin prosodi å vere gjennomført austnorsk.

#### 4.2.6 Andre variablar

I perioden 2;4–2;5 er det også registrert nokre nynorsknære variantar i talemålet til Måne, der han seier *haust*, *lauv*, *tjuv* og *køyre*, der særskilt sistnemnte dukkar opp hyppig og konsekvent i opptaka. Dette fenomenet blir nærmare forklart i diskusjonsdelen.

#### 4.3 Snø

Snø har ei mor som er frå Bø i Vesterålen og ein far frå Misund i Romsdalen. Ho veks opp på ei øy like utanfor Ålesund sentrum fram til ho er 4;1. Etter dette flyttar familien til far sin heimstad, og Snø begynner i ein fleispråkleg barnehage der fleire har norsk som andrespråk. Snø begynte i barnehagen då ho var 11 md. Ho har ingen eldre sysken.

I løpet av denne perioden har Snø sitt talemål gått frå å vere hovudsakleg nordnorsk med sunnmørske innslag (2;2), til ei blanding av nordnorsk (NN), austnorsk (AN) og sunnmørske (SM) like før ho fyller 3 år (2;12), til å bli nesten gjennomført austnorsk, med nokre innslag av romsdalsdialekt (RD) etter flytting (4;5).

##### 4.3.1 Kv-ord

I opptaka frå Snø var 2;2, nytta ho i stor grad NN-variantane av kv-ord. Ut ifrå mor sine observasjonar seier ho som regel *ka* og *kor* og gjerne med verbet på tredje plass. V3 i spørjesetningar er eit trekk som kan vere både NN (Westergaard, 2016), SM og RD, men ikkje AN. I opptaka frå same periode nyttar ho den nordnorske varianten *koffør*. Ti månadar etter, når Snø er 2;12, har austnorsk ein større plass i talemålet hennar. Det einaste spørjeordet frå opptaka på denne tida, er den austnorske varianten *hvor*. Ifølgje mor er NN-variantane framleis hyppige, og ho varierer mellom NN-varianten *koffør* og SM-varianten *koffor*. Ho held også fram med V3 i ytringar som “ka som skjer?”. I opptaka frå ho er 4;5 år, finn vi ingen kv-ord, men mor seier at det no er austnorske variantar som *hvem*, *hva* og *hvilken* dominerande, medan ho unntaksvis nyttar variantar som *kem* og *kordan*.

##### 4.3.2 Pronomen

Når ho er 2;2, nyttar Snø både nordnorske, austnorske og sunnmørske pronomen-variantar, og mor rapporterer at ho for det meste nyttar variantar som /æ/ og /dæ/. Dette stemmer overeins med opptaka der NN-pronomena er i fleirtal (fem førekomstar mot 3 AN og 2 SM). Som 2;12-åring er AN-variantar dominerande med 5 førekomstar, men vi finn også 3 førekomstar av SM-pronomen, men ingen nordnorske. Når Snø er 4;5, rapporterer mor at SM-variantane har vore heilt ute av språket i lang stund, og at AN-variantane er norma. Berre eit par veker etter at

dei flyttar til far sin heimstad, dukkar RD-varianten /i/ opp, og er fast i uttrykk som “isje i” og “i au”. Dette speglar seg godt igjen i opptaka der vi finn 30 førekomstar av AN-pronomen, eitt NN, eit RD, men ingen SM.

#### 4.3.3 Presens av verbet “vere”

Når Snø er 2;2, er den nordnorsk/nordvestlandske varianten /e/ dominerande i opptaka med 5 førekomstar mot ingen førekomstar av AN-varianten. Ved 2;12 er denne varianten nesten likestilt med AN-varianten (6 mot 7 førekomstar), og ved 4;5 har AN-varianten teke over med 8 førekomstar mot ingen førekomstar av /e/.

#### 4.3.4 Endingsmorfem i substantiv og verb

Som 2;2-åring hadde Snø stort sett bortfall av trykklett -r, sett vekk ifrå eitt registrert unntak frå denne perioden når ho seier *sover* med uttalt final -r. NN-variantane med apokope på verb i infinitiv er også hyppige i denne perioden, og ho seier til dømes “skal vi spis nokka?”, “ska vi hør lyd?” og “kan du tørk meg?”.

Elles følgjer dette trekket Snø sitt vanlege mønster der ho ved 2;12 har ein språkblandingsfase, og ved 4;5 i stor grad har reorganisert seg mot austnorsk. I dei siste opptaka har ho ei stor overvekt av final -r, og seier til dømes *begynner*, *hugger*, *hakker*, *ønsker*, *hester* og *sanger*, medan ho berre har eitt bortfall når ho seier *begynne*. Ho nyttar også ved eit høve apokope ved 4;5 når ho seier “da må du følg oppgavene mine”, så NN-varianten er framleis i den aktive grammatikken hennar på dette tidspunktet, sjølv om han er mindre hyppig.

#### 4.3.5 Prosodi

Som 2;2-åring oppfattar mor Snø sin prosodi i heilskap som nordnorsk, noko som også kjem til uttrykk i opptaka. Av 20 ytringar er heile 17 nordnorske med tanke på intonasjon, trykk og lengd. I ord med to stavingar går ho stort sett ned i andre staving, og ytringane endar konsekvent i deklinasjon. Dette intonasjonsmønsteret kan også samsvare med sunnmørsdialekta og romsdalsdialekta, men sett i samanheng med vokallengd og trykk, vil eg argumentere for at ytringane er nordnorske. I del 4.1.5, nemner eg korleis ein i sunnmørsdialekta truleg har lengre vokal i trykksterke stavingar enn i austnorsk. I nordnorsk verkar dette å vere enda meir framtrødande, og nordlandsmåla er også kjend for lang vokal (Sjekkeland, 2005, s. 185). Når Snø uttaler dei første vokalane i orda *pu:tå* og *be:bin*, verkar dei å vere enda lengre enn dei ville vore på sunnmørsk. Vesterålen er rekna som kjerneområde for statisk apokope (Sjekkeland, 2005, s. 57), eit fenomen som heng saman med cirkumflekstonelaget som påverkar vokalen i rotstavinga (Sjekkeland, 2005, s. 37). Det kan difor tenkjast at ein i vesterålendialekta tek med seg dette mønsteret for vokalkvalitet også i ord som ikkje har apokope.

Snø har tre ytringar frå ho er 2;2 som kan kategoriserast som SM/RD, der første staving er høg, relativt kort og trykksterk, og andre staving er låg. Dei andre ytringane, som er nordnorske, følgjer eit liknande mønster, men med svakare trykk på første staving. Dette kan sjåast i samanheng med den lange vokalen, då det er mogleg at den lengre vokalkvalitet avgrensar intensiteten i trykket. Dette er framstilt i tabell 1 nedanfor.

SM/RD-ytring	NN-ytring
<b>Bab</b> <sub>ien</sub> <b>sov</b> <sub>e</sub> litt	Elefant <b>te</b> <sub>le</sub> fo: <sub>n</sub> en til deg
(...) <b>hei</b> <sub>le</sub> <b>ti</b> <sub>a</sub>	Æ vil <b>ik</b> <sub>ke</sub> smør
Vil <b>ikke</b> <b>op</b> <sub>på</sub> <b>bor</b> <sub>e</sub>	her <b>e</b> pu: <sub>tå</sub> te be: <sub>bin</sub>

Tabell 1: Døme på Snø sin nordnorske og sunnmørske prosodi frå ho var 2;2

Også i spørjesetningane frå denne perioden endar ytringane til Snø på ein låg tone, noko som også kan tolkast som eit nordnorsk trekk. I same opptak stiller mor til Snø spørsmål som også endar på ein låg tone, slik vi ser i tabell 2.

Snø sine spørreytringar	Mor sine spørreytringar
Ska vi <b>hø</b> <sub>le</sub> lud <sub>en</sub> ?	Kem som va <b>i</b> <sub> barn</sub> hag <sub>en</sub> ?
Kan <b>vi</b> <b>hø</b> <sub>le</sub> ?	<b>Ka</b> dok <sub>ker</sub> le <sub>ka</sub> ?
Skal <b>vi</b> <b>lal</b> <sub>le</sub> ?	Sang du te be <sub>bin</sub> då?

Tabell 2: Snø sine spørreytringar frå ho er 2;2 jamført med mor sine spørreytringar

Som 2;12-åring er Snø som nemnt i ein språkblandingsfase, noko som også gjer seg gjeldande prosodisk. Som tabell 3 under viser, har ho i perioden heile ytringar som på suprasegmentalt nivå har anten et intonasjonsmønster som er sunnmørsk, nordnorsk eller austnorsk, der dei austnorske har den typiske avsluttande høgtonen (Kristoffersen, 2003, s. 154).

<b>Snø sine ytringar frå 2;12</b>	<b>Dialekt som ytringa er kategorisert som</b>
E har ingen tegning	NN
Jeg er <sup>stor</sup> je:nte	NN
Lille <sub>bror</sub> bor i ma:gen	NN
Han <sub>har</sub> ikke komt ut <sub>der</sub> enda	NN
Han e i ma:gen til ma:mma <sub>der</sub>	NN
Der <sub>er</sub> mam <sub>ma</sub> sin ma:ge	NN
Hvor <sup>er</sup> ma:gen til ma:mma?	NN
Der <sup>e</sup> lille <sub>broren</sub> <sup>min</sup>	AN
E <sub>vet</sub> ik <sup>ke</sup>	AN
Jeg skal <sup>bli</sup> <sup>sto</sup> re <sub>søs</sub> ter for lille <sup>bror</sup>	AN
Jeg <sub>også</sub> skal ba <sup>de</sup>	AN
Den <sup>her</sup> vir <sub>ka</sub> sikkert	SM
Mam <sup>ma</sup> sitt <sub>ark</sub>	SM

Tabell 3: Utvalde ytringar frå Snø som 2;12-åring

Som 4;5-åring er ho langt på veg austnorsk basert på intonasjonen, og heile 24 av 31 ytringar frå denne perioden er austnorske. Mor beskriv at det er i “tonefallet” ho nokre gongar kan høyre nordnorsk, og ut i frå opptaka frå denne perioden verkar dette spesielt å gjere seg gjeldande i tonelag 1-ord som til dømes:

fi:re  
lør<sub>dag</sub>  
god<sub>ter</sub>

#### 4.3.6 Andre variablar

Som 2;2-åring hadde Snø halvtrang, lang vokal i ord med ei-diftong, som /he:ilt/, /be:iken/, /be:ibien/, /he:im/ og /me:ir/. Desse variantane vil eg kategorisere som nordnorske, og ei-diftongen held seg mellom anna i det beslekta tromsømalet (Bull, 1996, s. 177). Som 4;5-åring har Snø mykje diftongforenkling og seier til dømes fleire gongar *mente*, noko som truleg er ein austnorsk variant. Som 4;5-åring nyttar ho også diftongen /au/, som held seg i Misund-området (Fossheim,

2010). I materialet der Snø er 4;5, er dei tradisjonelle AN-variantane *hugger* og *trett*, utan open vokalkvalitet, også registrert.

## 5 Drøfting

### 5.1 Innputt frå familien

I likskap med den skotskstalande informanten til Kerswill og Williams (2000, s. 97), er alle tre informantane i denne studien påverka av mor sitt talemål, og truleg også besteforeldra på morssida sitt talemål. Alle verkar å nytte fleire trekk frå mor si dialekt når dei er i kontakt med den sida av familien, og når dei har fråvær av barnehage. For Snø kom dette best til uttrykk tidleg i prosjektet. Då ho var 2;2, beskriv mora tydeleg endring når dei var på ferie i Nord-Norge, medan ho seinare beskriv den som mindre merkbar. Endringa heldt fram så seint som 3;4 hos Snø då ho på juleferie nytta variantar som *sny* og *trur* som mora ikkje har observert før. På same måte nytta Sol mormor sin nordfjordsvariant *gommibjørn* i ein periode rett etter sommarferien, og Måne sa (2;9) “det e nokke feil!” og “korr e bob?” etter ei helg saman med mormor. Desse ytringane inneheld nordvestlandske variantar som han vanlegvis ikkje nytta på dette tidspunktet. Dette tyder på at innputt frå fleire familiemedlem er utslagsgivande. Smith og Durham (2019) peikar på at talemålet til mor har skjult prestisje, og dette kan nok også overførast til besteforeldra sitt talemål, som barna assosierer med kjærleik, tryggleik og nærleik.

Eit spørsmål er om barna med medvit tilpassar seg konteksten når dei er saman med besteforeldre, og om dette er eit uttrykk for utvikling av sosiolingvistisk kompetanse. Sol sine ytringar med *gommibjørn* er retta mot mor og far som ikkje nyttar denne varianten, og Måne sa ikkje “korr e bob?” i samtale med mormor, men like etter at ho hadde dratt heim. Det kan difor sjåast på som eit resultat av dagar med mykje innputt heller enn medviten konteksttilpassing retta mot ein person. Snø har også meir nordnorsk i talemålet sitt på ferie når ho er 2;2 enn seinare, og om dette var eit uttrykk for utvikling av sosiolingvistisk kompetanse, er det nærliggande å tru at denne tendensen vart sterkare når barnet blei eldre, heller enn svakare.

For Måne verkar det å vere relevant at han har eit eldre sysken, og det kan godt tenkjast at også storesyster sitt språk i Måne sine auge ber prestisje, fordi han ser opp til ho. Dette kan vere ei forklaring på kvifor han reorganiserer seg mot austnorsk noko tidlegare enn kva systera gjer.

### 5.2 Faktorar som kan påverke tidspunkt for reorganisering

#### 5.2.1 Barnehage og eldre sysken

Det er tydeleg at 2–4-årsalderen er ein viktig periode for sosiolingvistisk utvikling for desse barna, men når og korleis denne utviklinga utartar seg er svært

individuell. Noko av det som er ulikt mellom dei tre informantane, er barnehagestart, og dette kan potensielt vere ein faktor som påverkar språkvala dei tek. Snø, som begynner i barnehagen om lag eitt år tidlegare enn dei to andre, har likevel meir av mor si dialekt, og ho beheld den lengre enn dei to andre. Måne, som hadde barnehagestart fire månader seinare enn systera, og dessutan har hatt lite sosial kontakt på grunn av pandemi, verkar likevel å reorganisere seg tidlegare enn systera. Dette kan kanskje forklarast med at han har vore med å hente og levere Sol i barnehagen, og har tidleg kjennskap til at det finst eit fellesskap der som han i framtida skal ta del i. Det kan difor tenkjast at han har vore i stand til å generalisere ut ifrå enkeltperson (Sol) til kontekst (barnehagen), og tenkjer at Sol sitt talemål er det som har høgast aksept i dette språklege fellesskapet. I så måte har Sol kanskje vore i stand til å førebu Måne på dette praksisfellesskapet før han sjølv tok del i det, og hatt rolla som meklar eller “sibling mediator” (De la Piedra & Romo, 2003). Bugge (2016) beskriv korleis barn frå 2-årsalderen viser interesse for jamaldr og går frå parallell leik til rolleleik. Dette kan vere ei forklaring på kvifor alder for barnehagestart ikkje verkar å gjere utslag på informantane sine reorganiseringsprosessar.

### 5.2.2 Flytting

Det som verkar å gjere merkbart utslag, er flytting. Snø har hatt far si romsdalsdialekt som eit av heimespråka sine heile vegen, utan at ho har valt å ta i bruk variantane frå talemålet. Når dei flyttar, får talemålet ny status som jamalderspråk i tillegg, og den fornya relevansen gjer at ho raskt tek i bruk variantar herifrå. Dette vitnar om medvit om sosial risiko, som ein kan tenkje seg er høg når ein er ny i barnehagen. Snø begynner likevel i ein fleispråkleg barnehage der det er stor talespråkleg variasjon, og kanskje også høgare aksept for variasjon.

### 5.2.3 Leikespråket som det tryggaste valet?

Sol og Måne som bur i Oslo, legg tidlegare frå seg mor sitt talemål enn Snø, som bur på Vestlandet. I tillegg verkar etter kvart austnorsk å utkonkurrere både heimespråket og jamalderspråket til Snø, sjølv om ho ikkje deltek i austnorske praksisfellesskap. Sett i samanheng med at barn utanfor Austlandet har ein lang tradisjon for å nytte austnorsk i rolleleik, kan ein argumentere for at ei form for standardtalemål kan ha innverknad på norske barn si språksosialisering, og truleg har påverka språkvala til informantane i denne studien. Snø sitt austnorske talemål verkar også å være meir konservativt, til dømes med variablane *tre*tt og *hugger*. I eit fellesaustlandsk talemål (Heide, 2020) eller i ein moderne standard (Røyneland, 2010) er truleg *hågger* eit meir naturleg val, og kan sjåast på som ein mellomveg mellom tradisjonelt østkantmål med open vokalkvalitet (Johannesen, 2016, s. 277) (t.d. *høgger*) og tradisjonelt vestkantmål (*hugger*). Det at Snø i sin



språklege kvardag med innputt frå 3–4 ulike dialekter tek eit val om å hovudsakleg nytte austnorsk, kan vere eit uttrykk for at talemålet har høg status blant barn og sikrar innpass sjølv om det ikkje er det primære jamalderspråket i områda ho bur i. Snø har nok kompetanse i dialektene frå områda Ålesund, Vesterålen og Misund, så vel som eit standardnært austnorsk, men meistrar kanskje ikkje nokre av talemåla fullt ut, eller har den høge sosiolingvistiske kompetansen som krevst for å kunne tilpasse talemålet sitt til personane og kontekstane der dei “høyrer heime”. Då er kanskje austnorsk sett på som det tryggaste valet. Denne studien har likevel ikkje belegg for å seie noko om Snø (eller andre barn utanfor Austlandet) si oppfatning av ein eventuell konservativ og moderne standard, men det er eit interessant spørsmål for vidare forskning om den konservative standarden har høgare status hos barn utanfor Austlandet enn elles i samfunnet, fordi den er blitt vidareformidla på same måte som eventyr, rim og regler (Strand, 2020), og kanskje også gjennom media (Nikolaisen, 2013).

#### 5.2.4 Leseuttale

Brøseth et al. (2019, s. 20) beskriv ein type leseuttale av bokmål, og dette kan også ha påverka Snø sitt austnorske talemål. Ein kan også sjå at leseuttale av nynorsk truleg har påverka talemålet til Måne, som nyttar variantane av *haust*, *lauv*, *køyre* og *tjuv*. Dette er ikkje variantar som er vanlege korkje i Oslo eller i Ålesund, men kjem truleg frå barnebøkene *Bæ og Bø får besøk* (Landström & Landström, 2007), der det er *haust* og dei rakar *lauv*, og *Jakob og Neikob: Tjuven slår tilbake* (Stai, 2012) der *køyring* og *tjuv* er ein sentral del av historia. Desse bøkene blei lest mykje for Måne i perioden då han nytta desse variablane.

#### 5.3 Prosodi

Hos Sol og Måne er det vanskeleg å finne spor frå mor sin prosodi etter at dei er respektive 2;10 og 2;7 år, men hos Snø er den nordnorske prosodien noko av det som heng ved lengst. Funna i dette datamaterialet peikar altså ikkje eintydig i retning av at prosodi varer ved lengre enn andre dialektale trekk, men styrkar hypotesen om at han kan gjere det. Det verkar også som at prosodien ikkje naudsynleg utviklar seg i takt med eller samverkar med til dømes leksikalske eller morfologiske dialektdrag. Snø seier til dømes:

E<sub>vet</sub> ik<sup>ke</sup> (2;12)

med austnorsk prosodi og sunnmørsk pronomen, eller:

Hvor<sup>er</sup> ma:<sub>gen</sub> til ma:<sub>mma</sub> (2;12)

med nordnorsk prosodi og austnorsk uttale av kv-ord og verb. På same måte seier Sol:

Jeg får ikke til (2;4)

med austnorsk pronomen og sunnmørsk prosodi.

Ut ifrå dette kan det tenkjast at dei morfologiske og leksikalske variantane ligg i eit register som er meir tilgjengeleg for barna, der dei kan gjere meir bevisste val, medan intonasjonen til dømes i større grad er automatisert og meir krevjande å overstyre. Samtidig viser Ommeren og Kveen (2019, s. 55) at bidialektale kan beskrive og eksemplifisere identifiserbare prosodiske trekk, og meistrar tonal variasjon fullt ut. Strand (2022) omtaler også korleis barn nyttar *pitch* i rolleleik, noko som peiker i retning av at også prosodi ligg i eit register som er lett tilgjengeleg for dei og faktisk kan styrast. Sjølv om Snø har ytringar med nordnorsk prosodi som av og til bryt igjennom når ho er 4;5, har ho langt på veg tileigna seg austnorsk lågtonemønster, som er svært annleis frå høgtonedialektene som blir snakka både heime og i barnehagen. Frå andrespråksforskinga finn vi omgrep som sensitive og kritiske periodar (sjå f.eks. DeKeyser, 2013), der alder for språkinnlæring har mykje å seie for sluttnivået personen har i andrespråket. Dette kan truleg også overførast til innlæring av dialekter, og grunnen til at Snø meistrar eit nytt intonasjonssystem nesten fullt ut, kan difor handle om alderen hennar.

## 6 Avslutning

Denne studien har sett på korleis barn sine tidlege språkval er påverka av talemåla dei høyrer rundt seg. Gjennom å følge tre informantar over lengre tid har eg vist at språkvala dei gjer og tidspunkta for reorganisering i retning jamalderspråket er svært individuelle, og blir påverka av ei rekke faktorar. I tillegg til mor sitt talemål er innputt frå besteforeldre og eldre sysken noko som har påverknad, og dei har alle meir av morsdialekta i periodar med fråvær i barnehagen og samvær med besteforeldre. Etter kvart legg alle tre informantane i stor grad vekk heimespråket sitt til fordel for austnorsk, også vestlandsinformanten Snø. Alder for barnehagestart verkar ikkje å ha så stor innverknad på tidspunkt for reorganisering, men å flytte, og som konsekvens få eit av heimespråka som nytt jamalderspråk, verkar å sette i gong rask språkending hos Snø. Funna gjort i Snø sitt datamateriale viser at mor sitt talemål kan henge ved gjennom store delar av den andre fasen av sociolingvistisk utvikling, og ho har nordnorske trekk så lenge prosjektperioden held fram (4;5). Det er framleis austnorsk som er mest tydeleg i talemålet hennar i denne perioden, noko som kanskje kan forklarast med at dette talemålet har høg status blant barn mellom anna fordi dette er nytta som leikespråk og mykje representert i media. Talemålet er difor sosialt sett eit trygt val som er akseptert

“overalt” hos barn. Snø kan også vere påverka av leseuttale av bokmål. Måne sitt talemål er også prega av leseuttale, men her frå skriftspråket nynorsk.

Hos Snø er mor sin nordnorske prosodi noko av det siste ein finn spor av, men ho har også i stor grad tileigna seg austnorsk prosodi når ho er 4;5. Sol har hatt få prosodiske trekk frå mor sitt sunnmørske talemål, medan Måne hadde intonasjonsmønster som likna på sunnmørsk i starten av prosjektet. Dette endra seg raskt ved barnehagestart, og når han er rundt 2;7 verkar han å ha tileigna seg austnorsk intonasjonsmønster nesten fullt ut. Dialektprosodien til desse informantane utviklar seg med andre ord i svært ulikt tempo, og ein kan ikkje sjå nokre generelle tendensar som er felles for dei. Funna peiker i retning av at intonasjon er noko som kan vere enkelt tilgjengeleg for barn, men også noko som kan vere vanskeleg å fullt ut ha kontroll over. Snø si prosodiske utvikling viser også at tonalitet kan være noko av det siste som heng igjen av morsdialekta.

## Litteratur

- Astruc, L., Payne, E., Post, B., Del Mar Vanrell, M. & Prieto, P. (2012). Tonal targets in Early Child English, Spanish and Catalan. *Language and Speech*, 56(2), 229–253. <https://doi.org/10.1177/0023830912460494>
- Bäckeper, E. & Liljebäck, A.-M. (2014). *Dialektanvändning hos barn med typisk utveckling: En jämförande studie mellan östgötska barn i olika åldersgrupper*. [Magisteroppsats]. Linköpings universitet, Hälsouniversitetet.
- Briksdal, A. (2022). *Fleirdialektale born si språkinnlæring: Ein empirisk studie av dialektutviklinga til tre born*. [Masteroppgåve]. Høgskolen i Østfold. HiØ Brage. <https://hdl.handle.net/11250/3016320>
- Brøseth, H., Eide, K.M. & Åfarli, T.A. (2019). *Språket som system: Norsk språkstruktur*. Fagbokforlaget/LNU.
- Bugge, E. (2016). Norske barns språksosialisering og språklige praksisfellesskap. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 34(1), 63–82. <https://ojs.novus.no/index.php/NLT/article/view/1290>
- Bull, T. (1996). Tromsø bymål. I E.H. Jahr & O. Skare (red), *Nordnorske dialekter* (s. 175–180). Novus forlag.
- DeKeyser, R.M. (2013). Age effects in second language learning: Stepping stones toward better understanding. *Language Learning*, 63(1), 52–67. <https://doi.org/10.1111/j.1467-9922.2012.00737.x>
- De la Piedra, M. & Romo, H.D. (2003). Collaborative literacy in a Mexican immigrant household: The role of sibling mediators in the socialization of pre-school learners. I R. Bayley & S. Schecter (red.), *Language and Socialization in Bilingual and Multilingual Societies* (s. 44–61). Multilingual Matters. <https://doi.org/10.21832/9781853596377-006>
- Fossheim, M. (2010). *Språket på Midøya: En sosiolingvistisk oppfølgingsstudie av talemålene på ei øy i Romsdalen*. [Masteroppgåve]. Universitetet i Bergen. Bergen Open Research Archive. <https://hdl.handle.net/1956/4919>

- Foulkes, P., Watt, D.J.L. & Docherty, G.R. (2001). The emergence of structured variation. *University of Pennsylvania Working Papers in Linguistics*, 7(3), 67–84.
- Hagemann, K. & Søfteland, Å. (2023). Den indre språkkjensla og talespråkleg variasjon som utgangspunkt for grunnleggande grammatikkundervisning. *ELLA*, 1(1). <https://doi.org/10.58215/ella.8>
- Heide, E. (2020). Kva skjer med talemålet i Oslo og på Austlandet? Ein litteraturkritikk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 38(2), 227–269. <https://ojs.novus.no/index.php/NLT/article/view/1844>
- Johannesen, J.B. (2003). Innsamling av språklige data: informanter, introspeksjon og korpus. I J.B. Johannesen, S. Erenkamp, J.T. Faarlund, E. Lanza & A.M. Vonen, (red.), *På språkjakt – problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling* (s. 133–171). Unipub forlag.
- Johannesen, J.B. (2016). Oslo-språket de siste to hundre år. I H. Sandøy (red.), *Talemål etter 1800: Norsk i jamføring med andre nordiske språk* (s. 269–300). Novus forlag.
- Kerswill, P. & Williams, A. (2000). Creating a new town koine: Children and language change in Milton Keynes. *Language in Society*, 29(1), 65–115. <https://doi.org/10.1017/S0047404500001020>
- Kristoffersen, G. (2003). *Norsk prosodi; 3. foreløpige utgave*. [Manuskript til undervisning]. Universitetet i Bergen.
- Lødrup, H. (2013). Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? *Maal og Minne*, 103(2), 120–136. <https://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/330>
- Mampe, B., Friederici, A.D., Christophe, A. & Wermke, K. (2009). Newborns' cry melody is shaped by their native language. *Current Biology*, 19(23). <https://doi.org/10.1016/j.cub.2009.09.064>
- Mæhlum, B. (1996). Dialektal sosialisering i Longyearbyen på Svalbard – “det fruktbare kaos”. I E.H. Jahr & O. Skare (red), *Nordnorske dialektar* (s. 251–260). Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2009). Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 27(1), 7–27.
- Neteland, R., Selås, M. & Gujord, A.-K. H. (2022). Kor e alle k-ar hen? Variasjon mellom k- og v- i spørjeord blant bergenske barnehagebarn. I R. Neteland & T. Kinn (red.), *Han Johan og dei: Veneskrift til Johan Myking ved syttiårleitet*. *Bergen Language and Linguistics Studies*, 12(1), 295–317. <https://doi.org/10.15845/bells.v12i1.3518>
- Nikolaisen, C.A. (2013). *Den snille, den slemme og den dumme: En sosiolingvistisk analyse av språkholdninger som formidles gjennom dialektbruk i NRK Super* [Masteroppgave]. Universitetet i Oslo. UiO DUO. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-38774>
- Ommeren, R.V. & Kveen, P.M. (2019). Det folkelingvistiske konseptet “tonefall”: Ei sosiolingvistisk utforskning av prosodiens indeksikalitet. *Maal og Minne*, 111(1), 31–59.

- <https://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1655>
- Røyneland, U. (2010). Vertical convergence of linguistic varieties in a language space. I P. Auer & E.S. Jürgen (red.), *Language and Space: An International Handbook of Linguistics*. (s. 259–274), Mouton de Gruyter.  
<https://doi.org/10.1515/9783110220278.259>
- Sandøy, H. (2009). Standardtalemål? Ja, men...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 27(1), 27–49.
- Sjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg - tradisjon og fornying*. Høyskoleforlaget.
- Smith, J. & Durham, M. (2019). *Sociolinguistic Variation in Children's Language: Acquiring Community Norms*. Cambridge University Press.  
<https://doi.org/10.1017/9781316779248>
- Stjernholm, K. (2013). *Stedet velger ikke lenger deg, du velger et sted: Tre artikler om språk i Oslo*. [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Oslo.
- Strand, B.-M. (2020). Morphological variation and development in a Northern Norwegian role play register. *Nordic Journal of Linguistics*, 43(3), 289–321.  
<https://doi.org/10.1017/S0332586520000219>
- Strand, B.-M. (2022). *The Roles Role Play Play: The Form and Function of Bilectal Codeswitching in North Norwegian Preschool Childrens' Role Play*. [Doktorgradsavhandling]. UiT Norges arktiske universitet. UiT Munin.  
<https://hdl.handle.net/10037/25836>
- Vangsnes, Ø.A. (2013). *Språkleg toleranse i Noreg: Norge, for faen!* Det Norske Samlaget.
- Westergaard, M. (2016). Koffer dæm IKKE sir det? Om ordstilling i hv-spørsmål i nordnorske dialekter. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 33(2), 175–199.  
<https://ojs.novus.no/index.php/NLT/article/view/1232>

### *English title and abstract*

#### **‘Vet du ka som er en kombinasjon?’ The early linguistic choices of three children in multidialectal environments**

The research question addressed in this article is how the mothers' dialect, the dialects of the rest of the family and in the local area, and perceptions of standard dialect influence children's early linguistic choices. The article explores the speech patterns of three children over time and discusses the reasons behind the linguistic choices they make. Additionally, it investigates the prosodic dialect features in the children's speech and the development of these patterns. The first participants in this project are the two girls named Sol and Snø, whose everyday interactions were recorded from ages 2;2 to 4;6. The third participant is Måne, Sol's younger brother, whose speech was recorded from ages 1;9 to 2;9. Furthermore, the mothers of these children have contributed with observational data. As the mother of Sol and Måne, I had the opportunity to continuously collect

data, while Snø's data was gathered at three separate points with approximately a year between them. Based on this dataset, we can observe that all the children have features from their mothers' dialect, but it varies to what degree and for how long the features are maintained. Factors as input from grandparents and older siblings, and periods of absence from kindergarten seem to influence the children's speech. Additionally, moving to the father's local area plays a crucial role in Snø's language development. It is also evident that all three informants, regardless of the dialects by which they are surrounded, at different points in time orient themselves toward a form of standard dialect, perhaps experienced through roleplay and from reading aloud. In conclusion, this article explores the linguistic choices made by these children and discusses how the choices might reflect the status of the different agents of language socialization.

*Keywords:* language socialization, child language, linguistic choices, prosody, multidialectal children, reading pronunciation, standard dialects

Anette Briksdal  
Ph.d.-stipendiat

Institutt for lingvistiske og nordiske studier  
Universitetet i Oslo  
anette.briksdal@iln.uio.no